

Tal for 2019 og 2020

Høg sysselsetting for nyutdanna fagarbeidarar

8 av 10 nyutdanna fagarbeidarar er i jobb første år etter utdanninga. I bygg- og anleggsteknikk er graden av sysselsetting høgast.

STATISTIKK | SIST ENDRET: 14.09.2021



Fleire tal om sysselsetting av fagutdanna

Hovudfunn

- 8 av 10 fagutdanna var i jobb første år etter fag- eller sveineprøva.
- Av dei som tok fagprøva som lærling var prosentdelen 73 prosent, medan den var 94 prosent for praksiskandidatane.
- Bygg- og anleggsteknikk har den høgaste delen sysselsatte fagarbeidarar.
- Det er ein nedgang i prosentdelen sysselsette det siste året. Nedgangen er størst innan restaurant- og matfag og design og handverk.

8 av 10 fagutdanna er i arbeid første år etter fagprøva



80 prosent av dei som bestod fag- eller sveineprøva i 2019+2020, var i arbeid i november første år etter.

Av dei som fekk fag- eller sveinebrev som lærling, var 73 prosent i arbeid året etter, mens 19 prosent var i utdanning. Dei som var i utdanning kan anten ha fortsett i vidaregåande utdanning eller byrja på fagskoleutdanning eller anna høgare utdanning.

Nesten alle praksiskandidatar var i arbeid første året etter fagprøva. Dette er personar som har tilstrekkeleg arbeidserfaring til å gå opp til fagprøve utan læretid.

Ulike vegar til fag- og sveinebrev

Lærling: Lærlingane har vore gjennom læretid i ei bedrift eller verksemd.


Praksiskandidat: Praksiskandidatane er personar som har tilstrekkeleg arbeidserfaring til å gå opp til fag- eller sveineprøve utan føregående læretid.

Fagopplæring i skole: Elever i fagopplæring i skole er ungdom som av ulike grunner ikke har fått læreplass, og som dermed får fagopplæring i skole. Disse elevene får opplæring i faget ved skolen i stedet for i bedrift.

Av elevane som har fullført fagopplæring i skole, var 63 prosent i arbeid året etter. Fagopplæring i skole er eit tilbod til søkjarar som ikkje får læreplass, der elevane får opplæring i faget ved skolen i staden for i bedrift. 22 prosent dei som tok fagopplæring i skole, var utanfor arbeid og utdanning første år etter fagprøva.

|| Diagram | 📄 Tabell | ⬇️ Last ned

Sysseilsettingstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2019+2020



Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

Sysselettingstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2019+2020

	I arbeid	I utdanning	Utanfor arbeid og utdanning
Totalt	80,2 %	13,2 %	6,6 %
Lærling	73,3 %	19,0 %	7,7 %
Praksiskandidat	95,6 %	1,6 %	2,8 %
Fagopplæring i skole	62,5 %	15,1 %	22,4 %


Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

Bygg- og anleggsteknikk har høgast del i arbeid

Sysselettingsstatus for nyutdanna fagarbeidarar varierer mellom utdanningsprogramma. Bygg- og anleggsteknikk hadde høgast sysselettingsgrad, med 88 prosent. Tilsvarande del i design og handverk og restaurant- og matfag er 72 prosent.

Det er òg forskjellar i delen som verken er i arbeid eller utdanning. I restaurant- og matfag var 13 prosent verken i utdanning eller arbeid første året etter fagprøva, mens det gjaldt under 5 prosent i helse- og oppvekstfag. Sysselettingsdelen varierer også internt i utdanningsprogramma.

Sysselelsettingsstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2019+2020



Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

Sysselelsettingsstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2019+2020

	I arbeid	I utdanning	Utanfor arbeid og utdanning
Bygg- og anleggsteknikk	87,8 %	6,7 %	5,4 %
Helse- og oppvekstfag	81,1 %	14,1 %	4,8 %
Elektro og datateknologi	80,7 %	13,9 %	5,4 %
Naturbruk	79,0 %	13,1 %	7,9 %
Service og samferdsel	76,9 %	14,9 %	8,1 %
Teknologi- og industrifag	76,4 %	16,3 %	7,4 %
Restaurant- og matfag	72,4 %	14,5 %	13,1 %
Design og handverk	71,5 %	16,2 %	12,3 %

Nordland, Innlandet og Trøndelag har flest nyutdanna fagarbeidarar i jobb


Delen nyutdanna fagarbeidarar i jobb varierer frå 83 prosent i Nordland, Innlandet og Trøndelag til 75 prosent i Møre og Romsdal.

Mange av fylka med lågast del i arbeid har dei høgaste delane som er i utdanning. Dei har altså ikkje nødvendigvis høge delar som står utanfor arbeid og utdanning. Møre- og Romsdal, med lågast del fagarbeidarar i arbeid, har til dømes høgast del som held fram i utdanning.

Det er forskjellar mellom fylka i delen som er utanfor både arbeid og utdanning. I Agder er 8 prosent av fagarbeidarane utanfor utdanning og arbeid, mens tilsvarende del er 5 prosent Nordland, Møre- og Romsdal og Trøndelag.

Diagram | Tabell | Last ned

Syssettingsstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2019+2020



Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

Syssestetingsstatus for fagutdanna første år etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2019+2020


	I arbeid	I utdanning	Utanfor arbeid og utdanning
Nordland	83,1 %	11,9 %	5,0 %
Innlandet	83,0 %	11,3 %	5,7 %
Trøndelag	83,0 %	11,5 %	5,5 %
Viken	81,1 %	11,9 %	7,0 %
Vestfold og Telemark	80,7 %	12,4 %	6,9 %
Oslo	80,3 %	11,8 %	7,9 %
Troms og Finnmark	80,2 %	11,9 %	7,9 %
Agder	79,9 %	12,0 %	8,1 %
Vestland	79,2 %	14,2 %	6,5 %
Rogaland	77,2 %	16,7 %	6,1 %
Møre og Romsdal	74,6 %	20,2 %	5,2 %

Kjelde: [Utdanningsdirektoratet](#)

Nedgang i syssestetning det siste året


Det siste året er ein lågare prosentdel av dei nyutdanna fagarbeidarane syssestettede. Frå 2018+2019 til 2019+2020 gjekk delen nyutdanna fagarbeidarar i arbeid ned med 1,4 prosentpoeng. Statistikken viser to kull nyutdanna fagarbeidarar slått saman, og det er derfor det siste kullet som står for nedgangen. Usikkerheita i arbeidsmarknaden som følge av koronapandemien kan ha gjort det vanskelegare å få jobb for nyutdanna fagarbeidarar i 2020.

Restaurant- og matfag hadde den største nedgangen, med 4,2 prosentpoeng, etterfølgt av design og handverk, som hadde ein nedgang på 3,1 prosentpoeng. Restaurant- og matfag og design og handverk er også utdanningsprogramma som har vært hardest ramma av permitteringar som følge av koronapandemien ([Utdanningsspeilet 2020](#)).

 Diagram |  Tabell |  Last ned

Del fagutdanna i arbeid første år etter fag- eller sveineprøva





Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Del fagutdanna i arbeid første år etter fag- eller sveineprøva

	2015+2016	2016+2017	2017+2018	2018+2019	2019+2020
Totalt	79,1 %	79,7 %	81,0 %	81,6 %	80,2 %
Bygg- og anleggsteknikk	87,3 %	88,1 %	88,8 %	89,1 %	87,8 %
Design og handverk	76,7 %	75,1 %	74,6 %	74,6 %	71,5 %
Elektro og datateknologi	75,7 %	75,4 %	78,8 %	81,4 %	80,7 %
Helse- og oppvekstfag	85,0 %	85,0 %	84,5 %	83,4 %	81,1 %
Naturbruk	78,5 %	79,2 %	82,2 %	81,5 %	79,0 %
Restaurant- og matfag	76,7 %	78,1 %	77,9 %	76,6 %	72,4 %
Service og samferdsel	77,8 %	78,5 %	78,1 %	78,5 %	76,9 %
Teknologi- og industrifag	68,7 %	69,7 %	73,5 %	76,3 %	76,4 %

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

1 av 3 som har fullført yrkeskompetansefag held fram med utdanning

Nærmare 3 500 elevar fekk eit vitnemål med yrkeskompetanse i 2019+2020. Over halvparten av desse

elevane gjekk på helse- og oppvekstfag.

Av elevane som fekk eit vitnemål med yrkeskompetanse, er 51 prosent i arbeid første året etter dei er ferdige med utdanninga. 34 prosent er framleis i utdanning, mens 14 prosent verken er i arbeid eller utdanning. Delen som går ut i arbeid, er litt lågare enn for årskull 2018+2019. Samtidig aukar delen som held fram med å utdanne seg.

Andre veger til yrkeskompetanse

Lærekandidat: Ein lærekandidat inngår ein opplæringskontrakt med ei lærebedrift og går opp til ei kompetanseprøve med sikte på kompetansebevis. Eit kompetansebevis er mindre omfattande enn eit fag- eller sveinebrev.

Vitnemål med yrkeskompetanse: Nokre fagområde gir yrkeskompetanse utan fag- eller sveineprøve. Elevar har tre år opplæring i skole, ofte med innlagde praksisperiodar. Når dei fullfører desse løpa får dei vitnemål med yrkeskompetanse. Eksempel på slike fag er apotekteknikk, helsesekretær og landbruk.

55 prosent av dei nyutdanna lærekandidatane er i jobb

Av dei nesten 1 300 lærekandidatane som fekk kompetansebevis i 2019+2020, er 55 prosent i arbeid første året etter kompetanseprøva. 9 prosent er framleis i utdanning, mens 36 prosent verken er i arbeid eller utdanning.



Om statistikken

Tala er produsert av Statistisk sentralbyrå (SSB). SSB koplar data om fag- og sveineprøver og vitnemål med yrkeskompetanse med informasjon frå utdanningsregistera deira og A-ordninga.

Statistikken tek utgangspunkt i to kull nyutdanna fagarbeidarar slått saman, og viser om dei er i arbeid, utdanning eller utanfor arbeid og utdanning per november første år og tredje år etter at dei oppnådde sluttkompetansen sin. Kulla blir slått saman for å kunne vise tal fordelte på lærefag.

Årskull 2019+2020 består av 2018–19-kullet og 2019–20-kullet. Det vil seie dei som bestod fag- eller sveineprøva mellom 1. oktober 2018 og 30. september 2019, og dei som bestod prøva mellom 1. oktober 2019 og 30. september 2020.

I tillegg blir det vist tal for dei som oppnår vitnemål med yrkeskompetanse (yrkeskompetansefag) og tal for lærekandidatar som oppnår kompetansebevis i same periode.

